

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref.: 14/108-

Vår ref.: sfl

Oslo, 15.10.2015

Høyring – Evaluering av marknadsbalansering i jordbruket

Norske Felleskjøp viser til brev av 01.07.2015 der det vert bedt om kommentarar til rapporten som marknadsbalanseringsutvalet leverte 24.06.2015.

Norske Felleskjøp viser til det foreslåtte alternativet frå medlemmene Hoff, Redse Håskjold, Ødegård og Reistad som er omtalt i kapittel 10 i rapporten. Norske Felleskjøp støttar dette alternativet. Sjølv om vi meiner utvalet har påvist at marknadsbalanseringa fungerer i tråd med formåla, trengs tiltak som styrker tilliten til systemet.

Norske bønder er heilt avhengige av å kunne organisere seg fritt i sals- og innkjøpssamvirke for å kunne samordne si svært spreidde marknadsmakt overfor sterke aktørar både innafor kjøp og sal av varer og tenester.

Den norske modellen der bøndene sine organisasjonar forhandlar med staten om maksimalprisar på jordbruksråvarer og der bøndene sine egne samvirkeorganisasjonar er tillagt ansvar for å hente desse ut i ein balansert marknad, er grunnleggande viktig å ta vare på. At bøndene betaler avgiftene som skal finansiere reguleringa av førstehandsmarknaden gir sterk stimulans til samvirket om å gjennomføre marknadsbalanseringa på ein kostnadseffektiv måte. Modellen står i kontrast til reine marknadsbaserte mekanismar utan rammer for utøvinga av næringsverksemda verken på primærleddet eller i seinare ledd i verdikjeda. Fleire av forslaga frå utvalet utfordrar denne modellen.

Utvalet har også peika på at marknadsbalanseringa, først og fremst mottaksplikta, er avgjerande viktig for å gi grunnlag for landbruksdrift i distrikta utanfor dei sentrale landbruksområda.

Rasjonelt å kople marknadsbalanseringa til forretningsmessig aktivitet

Norske Felleskjøp meiner vidare at det er rasjonelt at balanseringa er kopla til ordinær forretningsmessig aktivitet, som i dag gjennom bondeeigde samvirkeorganisasjonar. Dette gjer det mogleg å fange opp behov for tiltak i tide og å dimensjonere og gjennomføre tiltaka på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte.

Forslaget involverer faglaga i fastsetting av marknadsmessig prisuttak (prognosert gjennomsnittleg engrospris, PGE). Dette vil svekke prismekanismen som verkemiddel i balanseringa, ved at PGE blir mindre treffsikker.

Norske Felleskjøp meiner også at det må vere ein tett samanheng mellom at jordbruket innafør ramma av mål om inntektsmessig likestilling med annan næringsverksemd, har ansvar for eventuell overproduksjon og ansvar for å forvalte innkravde midlar i form av omsetningsavgift for å handtere slik overproduksjon.

Norske Felleskjøp støttar difor ikkje forslaget frå Juul-Hansen m.fl. om å legge ansvaret til statlege organ (kapittel 8).

Viktig å kunne ha ein produksjon som ligg tett opp under nivået for innanlands forbruk

Norske Felleskjøp meiner at norske bønder har stor nytte av at balanse mellom tilbod og forbruk av norske landbruksråvarer blir etablert på eit nasjonalt nivå. Verkemiddel for å sikre slik balanse gjer det også mogleg å ha ein produksjon tett opp mot kva som er marknaden for landbruksråvarer i Norge. Alternativet til å legge til rette for å sikre den nasjonale balansen med eit høgt volum, vil vere at balanse blir etablert på nivå med forventa minimumsavsetning av vedkommande vare innanlands og med import som ein buffer. Dette gjer marknaden for norske råvarer og foredla varer mindre og reduserer aktivitet og verdiskaping i heile varekjeda for landbruksbaserte råvarer i Norge.

Norske Felleskjøp meiner difor at forslaget om avvikling, som ligg implisitt i alternativet til Hjemmeng m.fl., er uakseptabelt (kapittel 9).

God maktbalanse i den norske matkjeden føreset at bønder kan organisere seg gjennom samvirke

Vi er einige med utvalet i at modellen der landbrukssamvirket er tillagt ansvar og rettar i å påverke råvaremarknaden, inneheld eit potensiale for konkurransevriding. Dette er ikkje nytt; aktørar utanfor landbrukssamvirket har alltid uttrykt mistru til modellen i større eller mindre grad. Dette har i sin tur medført nøye overvaking og tilpassing av systemet frå landbruksstyresmaktene si side og stor grad av varsemd i utøving av rolla som marknadsregulator. Utvalet konstaterer likevel at det ikkje alltid har vore mogleg å etablere tillit til at systemet fungerer konkurransenøytralt. Vi meiner det må leggast stor vekt på at utvalet ikkje påviser at misbruk av dominerande stilling faktisk har skjedd og at misnøye i ein del samanhengar kan oppstå som følgje av overdrivne forventingar til kva som er formålet med marknadsreguleringa under Omsetningsrådet.

Norske Felleskjøp er einig med statsråden i at konkurransen i næringslivet bør styrkast. Vi ser bonden som ein svak part i konkurransebiletet i den norske verdikjeden i dag, medan handelsleddet har styrka makta si kraftig dei siste 20-30 åra. Ein god maktbalanse i norsk matkjede føreset difor at bøndene kan organisere makta si gjennom samvirket og at marknadsbalanseringa medverkar til stabile forsyningar til den norske forbruksmarknaden.

Norske Felleskjøp gir difor sin støtte til alternativet som foreslår tilpassing og forenkling av dagens ordningar under Omsetningsrådet (kapittel 10).

Alle drar nytte av stabile rammevilkår

Norske Felleskjøp er tilfreds med at utvalet konstaterer at marknadsbalanseringa har nådd dei måla for ordninga som har vore definert av styresmaktene.

Vi vil understreke at primærlandbruket, men også foredlingsindustrien, handelen og forbrukarane har stor nytte av stabile rammevilkår. Slik stabilitet er viktig for å sikre lønnsame investeringar over tid og grunnlaget for god og langsiktig ressursutnytting. Rammevilkåra for landbruket og matvarekjeden bør difor basere seg på brei tilslutning frå Stortinget.

Den norske modellen der landbruket er tillagt ansvar og handlingsrom for å balansere eige utbod i marknaden utløyser etter vårt syn stor grad av verdifullt samarbeid og rasjonelle praktiske løysingar for å skape marknadsbalanse som ei statleg styrt ordning vanskeleg vil kunne oppnå. Landbruket har i dag eige interesse av å spele på lag med styresmaktene heller enn å spele mot dei same.

Den samfunnsmessige nytten er større enn kostnadane ved balanseringa

Utvalet har starta eit verdifullt arbeid med å analysere den samfunnsøkonomiske nytten av marknadsreguleringa under Omsetningsrådet. Det er viktig å ha kjennskap til nytte og kostnad i eit perspektiv som hevar seg over landbrukssektoren. Sjølv om det er bonden, gjennom trekk i si inntekt, som betaler alle kostnadar, representerer eventuelle unødige kostnadar på dette leddet også samfunnsmessig sløsing. Norske Felleskjøp konstaterer at utvalet ikkje har nådd lenger enn å skissere elementa i ein slik rekneskap. Utgangspunktet for analysen er at vi alternativt kunne produsert mindre råvarer i den kostnadsnevjande marknaden i Norge og heller importert meir billig råvare og ferdigvare frå utlandet. Ein del av den budsjettmessige innsparinga dette ville gi, kunne gå til å kjøpe tenester for pleie av kulturlandskapet. Etter vårt syn vil ein slik modell ha svært liten berekraft over tid. For det første bør Norge, som andre land, utnytte eigne arealressursar til produksjon av mat. For det andre vil profesjonell landskapspleie utan tilknytning til aktiv og lønnsam landbruksdrift bli svært kostnadsnevjande og ikkje berekraftig over tid.

Den som betaler må også få styre

Norske Felleskjøp er ikkje einig i utvalet sitt forslag om at reguleringstiltak og produksjonsregulering kan først vidare i ein styringsmodell der bruken av midlar frå omsetningsavgifta skjer utanfor kontroll av bønder, som også i denne modellen er føresett å finansiere ordninga. Omsetningsavgifta er innkravd gjennom tvang, men likevel med stor aksept hos bøndene sidan det overordna formålet er å tene bonden sine økonomiske interesser. Kva som er desse interessene, bør bøndene gjennom sine eigne organisasjonar ha avgjerande innverknad på. Dette skjer i dag gjennom jordbruket sitt knappe fleirtal i Omsetningsrådet. Norske Felleskjøp meiner at dersom staten skal overta ansvaret for marknadsbalanseringa, må denne funksjonen bli finansiert over statsbudsjettet. Staten opererer normalt ikkje med avgifter til statskassa som er øyremerkte særskilde formål og med ei statleg regulering, vil ei slik særavgift ikkje vere ein naturleg del av finansieringa. Det er enda mindre aktuelt å krevje inn avgifter frå bøndene, som skal styrast av representantar frå andre næringar. I tillegg vil finansiering over statsbudsjettet gi staten insitamant til rasjonell bruk av midlane, slik landbruket har det med dagens system.

Plikter og rettar må sjåast i samanheng

Norske Felleskjøp meiner det ikkje er akseptabelt å avvike samvirket si rolle som marknadsregulator og den kontrollen over marknadsbalansen dette gir, og deretter pålegge samvirket utvida forsyningsplikt overfor konkurrerande industriverksemder. Eit mindretal i utvalet foreslår å endre konkurranselovgevinga slik at landbruksamvirket kan bli pålagt slike utvida plikter, for å sikre at industri som ikkje er kontrollert av bondeigde organisasjonar ikkje skal miste dei fordelane ein regulert landbruksmarknad gir desse aktørane i dag. Dette er kanskje det mest overraskande enkeltlementet i rapporten og vil utgjere eit kraftig trugsmål mot bøndene sin rett til å organisere eiga kjøpar- og seljarmakt i marknaden.

Forbrukarinteressene vert ivaretekne gjennom den stabile tilgangen av råvarer til foredlingsindustrien

Marknadsbalanseringa er tillagt også forbrukarpolitiske mål og utvalet har drøfta desse omsyna. Systemet har derimot aldri hatt som mål å påverke forbrukarmarknaden direkte og har aldri utvikla verkemiddel som strekkjer seg inn i denne marknaden. Forbrukarinteressene vert ivaretekne

gjennom at foredlingsindustrien har stabil og godt fordelt tilgang til alle tilgjengelege råvarer frå norsk landbruk. Marknadsbalanseringa har ikkje verkemiddel som regulerer den vidare foredlinga og heller ikkje handelen med foredla produkt. Norske Felleskjøp meiner denne avgrensinga er viktig for konkurransen og effektiviteten i foredlings- og handelsleddet.

Ei opprydding i det juridiske rammeverket er fornuftig

Norske Felleskjøp er einig i at ein gjennomgang og betre strukturering av det juridiske rammeverket rundt marknadsbalanseringa, er fornuftig. Dette arbeidet skal i følge rapporten gjerast innafør rammene av ordninga og må difor avvente eventuelle endringar i rammene for den framtidige marknadsbalanseringa. Ei slik opprydding vil gi betre innsyn i systemet, styrke forståinga og auke tilliten til systemet.


Marknadsbalanseringa gir grunnlag for høg matproduksjon og eit effektivt foredlingssystem i Norge

Inneverande sesong har illustrert nytten av ein marknadsregulator med mottaksplikt; fleire kornmottak har avvist å ta imot enkelte typar korn eller har sett prisen kraftig ned for å avgrense leveransar. Mange bønder har i staden blitt vist til Felleskjøpet sine anlegg. Den største nytten for kornbonden i dagens ordning, ligg etter Norske Felleskjøp sitt syn likevel i evna til å ta ut pris i marknaden i samsvar med målpris avtalt i jordbruksforhandlingar. Dette er etter vårt syn heilt avgjerande for å kunne halde oppe norsk kornproduksjon og graden av sjølvforsyning av mat.

Vårt inntrykk er også at samarbeidet med øvrig kornbransje gjennom Bransjeforum for marknadsregulering gjer at heile bransjen er innstilt på å strekke seg for å finne fram til heilskapleg fornuftige løysingar i den løpande logistikken og foredlinga av korn i Norge. Vi trur ikkje at ei statleg styrt regulering vil gi tilsvarande grunnlag for rasjonelle og kostnadseffektive løysingar.

Med vennleg helsing

Norske Felleskjøp



Lars Fredrik Stuve

Adm. dir.



Sindre Flø

Fagsjef marknadsregulering